



Torsdag 26. mai

Opning Vårsøghelga 2016, kunstutstilling og Surnadal Billag AS



18.00 Surnadal Billag AS.

Salsutstilling av studentane til professor John Arne Mogstad på kunstakademiet, NTNU. Opning av 21. vårsøghelga. Kake og kaffe. Kunstnarisk innslag med Hans Frønes. Opning av Surnadal Billag AS.

Frimann

20.00 Surnadal Billag

Vaksne kr. 250,- ungdom og born/student kr 150

Bandet Frimann skal halde opningskonserten i år. Frimann er eit norskspråkleg rockeband med element av country og folk kjent med anna frå «Norsk på Norsk» og «NRK P1» under namnet Frimann Frelst. Frimann slapp nyleg albumet «For Sånn Folk Som Oss» til strålende kritikkar og er lokalt aktuell med tidlegare Surnadaling og eminent gitarist Hans Frønes som medlem i bandet.

Fredag 27. mai

Skillingsviser med Rasmus Rohde

11.00 Surnadal Billag AS, kr 150

Rasmus Rohde vil fortelje historier og syng skillingsviser.

Ingebrigts Grimsmo fortel historiar frå Billaget, buss frå Kulturhuset til Billaget kl. 10.30 og attende etter programmet. Graut og bakels med kaffe inkludert i billetten.

Henningtimen

12.30 Surnadal kulturhus, svorkasalen.

Henning Sommerro inviterer ungdomsskulen til ein annleis musikktime.

Drivadebatt

15.00 Svorkasalen i Surnadal kulturhus.

I år skal vi sjå nærmere på kroppshysteriet og følgjene av dette. Målgruppa for debatten er ungdom og ikkje minst foreldre som har gutter og jenter i ein alder der utsjånadog talet på likes på Facebook er viktigare enn det meste. Innleiarar: Linnea Myhre – forfattar - tidlegare bloggar

Kari Mogstad - lege

Yngvild Sæter - modell

Kine Paola Sæter- Bikini Fitness-utøver

«Du gode Gud, i Trondheim!»

17.15 Surnadal Kulturhus, Surnadal folkebibliotek, kr 150

Årets nykommar i Vårsøghelga er av det filosofiske slaget. Professor ved NTNU Ketil Steinsholt, kjend for sine underholdande foredrag, vil snakke om Arthur Schopenhauer. Arthur Schopenhauer var ein av Hans Hyldbakke sine favorittar.

Mozart Marathon

19.00 Gammelsamvirkelaget, Skei. 250 (v) 100 (b/u)

Eit marathon av ein kveld med fire kjende klaverkonsertar av Wolfgang Amadeus Mozart f. 1756 framført av fire pianistar opprinnelig frå Surnadal. Trygve Brøske, Magnhild Frydenlund Brøske, Hedda Hansen Berg og Brage Krsitian Einum. På nyinnkjøpt flygel!

Whales & This lake

21.30 Surnadal Billag AS, 250 (v) 150 (b/u)

Hans Olav Settem, kreativ lokal låtskrivar og artist kjem heim med bandet «Whales and this lake» som er kjend for sine fengande låtar og gode livekonsertar. Det er første gong bandet spelar i Surnadal.

Nattspel

22.30 Surnadal Billag AS (Gratis for dei som var på konsert med Whales and this lake)

Vårsøghelga sin variant av nattspel med DJ Hans Frønes bak spakane.

Laurdag 28. mai

Torg

10.00-16.00 Kulturhusplassen, Skei

Gammaldags torg med lokal mat og handverk.

KIN Kaffekonsert

10.30 Surnadal Kulturhus, Foajeen.

Kulturskolen på Indre Nordmøre legg den siste kaffekonserten i vår til Vårsøghelga.

Eva og Eva

12.00 Kallastua. 200 (v) 100 (b/u)

Ein intimkonsert sett saman av komponistane Eva Holm Fosnes og Eva Ødemann Moe. Vi får i tillegg høre ein komposisjon av Henning Sommerro med tekst av William Shakespeare i anledning 400 årsjubileet for Shakespeares bortgang. Med Julie Hasfjord, Tuva Mortensen, John Pål Inderberg, Lars Eggen, Kirsten Næss, Hedda Hansen Berg og Annbjørn Husby.

Boksøg

13.30 Surnadal folkebibliotek på Surnadal kulturhus, kr 150

Svein Sæter snakkar med Lars Mæhle og Rasmus Rohde om tekstsraping. Dette blir ein drivande samtale om å skrive, om å skrive svært ulike tekster, om å tøye eller halde seg til sanninga, og naturlegvis: om det er strålende eller skremmande å skrive.

Eg er supermann!

15.00 Surnadal kulturhus, Storstuå Premiere! 250 (v) 100 (b/u)

Lars Mæhle har forfatta teksten til denne framsyninga, og dei fire musikarane i gruppa Fjord og Fjell har komponert musikken. På scena framfører dei den saman med skodespelarar frå Teatret Vårt. Framsyninga er ein i serien Ordspel, som er eit samarbeidsprosjekt mellom Teatret Vårt og Fylkesmusikarane, Møre og Romsdal Fylkeskommune.

Musikkarar: Øystein Sandbukt, Peter Wergeni, Jo Inge Nes, Kristian Jacobsen.

Regi: Pål Øverland



Nordmøre museum

18.30 Kleiva, ovanfor Skei.

250,- (vaksne), 100,- (born) og 500,- (familie, 2 vaksne og 2 born)

Det er og billettsal på vegen opp til Kleiva.

Med Wenche Myhre og Anders Eljas, Henning Sommerro, John Pål Inderberg, Karianna Sommerro, Jimu, Surnadal hornmusikk m.fl., diktmönstring og tildeling av Kleivaprisen.

Forbrytersk aften

21.00 Vårsøg hotell, Den Glade Laks. kr 250 (18-årsgrænse)

I 2015 kom Rasmus Rohde ut med plata «10 mordballader og en om kjærighet» som tek utgangspunkt i skillingsvisetekester fra spesialsamlingane ved NTNU Gunnerusbiblioteket; songar om drap, incest og katastrofale skipsforlis. Konsernet bygger på denne plata og i bandet har han med seg Trygve Brøske, Håkon Mjøset Johansen og Erlend Smalås.

Pubkveld med jam

22.00, Vårsøg hotell, kr 200 (18-årsgrænse)

(dei som var på Forbrytersk aften har gratis inngang).

Pubkveld med jam leda av Jo Inge Nes. Husband: Frank Hannasvik, Brage Einum og Sondre Skogseth og Jørn Norman

Søndag 29. mai

«Recreations a Sans Soucis»

13.00 Stangvik kyrkje. 250 (v) 100 (b/u)

«Recreations a Sans Soucis». Ringve Kammerensemble med den internasjonalt anerkjente Professor Ketil Haugsand inviterer til kammerkonsert. Fransk finesse møter tysk humanisme. Musikk av Johan Sebastian Bach, Jean-Philippe Rameau og Jean-Marie Leclair, musikk som berører! Konsernets hovedverk er Bachs triosonate fra verket "Musikalisches Opfer", som Bach skrev etter et besøk hos kong Fredrik den store av Preussen på slottet Sans Soucis over et tema som kongen ga Bach å improvisere over som en utfordring.

Rasmus Rohde og verdens beste band

15.00 Todalshytta.

Vaksne 200,- born 150,- familie 500,- (billettsal i døra)

Vårsøghelga inviterer til familiested dag ved Todalshytta. Opning av ny utescene kl. 16.00 med Rasmus Rohde og Verdens Beste Band. Diverse aktivitetar og matsal.

Anders og Trygve

19.00 Surna Bedehus. 200 (v) 100 (b/u)

Anders Larsen og Trygve Brøske spelar musikk av Halvdan Jebe, Witold Lutoslavskij, Georg Crumb, Arvo Pärt og Maurice Ravel.

Vårsøghelga tek kvart år fram folk som står i fare for å gå i gløymeboka. I år er det violinisten og komponisten Halvdan Jebe (1868-1937) som får fokus.